

Kunnskapsdepartementet (KD)

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Deres ref.:
18/6637-1

Vår ref.:
19/03150-7

Dato:
11.09.19

Svar på invitasjon til å komme med innspill til stortingsmelding om arbeidsrelevans i høyere utdanning

Vi viser til invitasjonen datert 10.04.19 der vi er bedt om å komme med innspel til stortingsmeldinga om arbeidsrelevans i høgare utdanning.

HVL har i sin strategi ein ambisjon om å vere ein høgskule med tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, noko som inneber tett samarbeid med omverda. Vi er difor glade for denne moglegheita til å gje ei utfyllande tilbakemelding til den kommande stortingsmeldinga. Innspela som ligg føre viser konkrete døme på korleis høgskulen arbeider med dette i dag, og løftar fram dei behova HVL har for å kunne vidareutvikle arbeidsrelevansen i utdanningane og samarbeidet med omverda i framtida.

Vedlagt følger innspelet frå Høgskulen på Vestlandet. Dette er forankra i høgskulestyret gjennom behandling av sak 62/19 i møte 29.08.19.

Med helsing

Berit Rokne

Bente Sønsthagen

Rektor

Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrivne signaturar.

Vedlegg: Innspel til KD - stortingsmelding om arbeidsrelevans i høgare utdanning

Innspel til Stortingsmelding om arbeidslivrelevans i høgare utdanning frå Høgskulen på Vestlandet

Vi viser til invitasjon til å komme med innspel til stortingsmelding om arbeidsrelevans i høgare utdanning. Vi er glade for å få denne moglegheita, då fleire av problemstillingane som er løfta fram er framheva i strategien vår, og påverkar det daglege arbeidet ved høgskulen. Vi har ein profesjons- og arbeidslivsretta profil, der samspel og samhandling med omgjevnadane står sentralt. Målet vårt er å utvikle ny kunnskap i tett samspel med omverda, for å finne gode løysingar på utfordringane i samfunnet. Vi skal vere tett på arbeidslivet vi utdannar til, og svare på behovet og etterspurnaden i regionen rundt dei fem campusane våre.¹

Sikring av arbeidsrelevans i alle utdanningane våre er noko både dei tre tidlegare høgskulane og HVL har satt høgt på agendaen lenge, og vi ser at kandidatane vi utdannar både er attraktive og relevante for arbeidslivet. Høgskulen har jobba mykje med tiltaka som er lista opp i invitasjonen. Vi meiner vi er komne langt i å oppnå ambisjonane til stortingsmeldinga, og vil gjerne løfte fram problemstillingar vi meiner må løysast for at vi skal kunne nå ambisjonane.

For at UH-institusjonane skal kunne svare på utfordringane og målsettingane om betre og meir arbeidslivrelevans i utdanninga, er det viktig å auke fleksibiliteten til institusjonane, og minske eller fjerne hindringane som eksisterer i dag med tanke på utvikling av samarbeid både nasjonalt og internasjonalt.

HVL meiner at forenkling og samordning av lovar og regelverk, tydeleggjering av medansvaret for utdanningsoppdraget hjå arbeidslivsaktørane på ulike fagområde, og betre samsvar mellom kostnader og finansieringsordningar for praksis i dei ulike utdanningane, er område som må adresserast i Stortingsmeldinga. I tillegg er det viktig at Stortingsmeldinga får fram at arbeidslivrelevans alltid vil ha ein regional dimensjon.

1. Hovudutfordringar som bør omtalast i meldinga

Alle dei tre kommande stortingsmeldingane om arbeidsrelevans, kompetansereform og internasjonal studentmobilitet har element og utfordringar som vil henge tett saman, og det er bra at desse skal bli sett i samanheng med kvarandre. I tillegg må stortingsmeldingane også bli sett i samanheng med arbeidet med NOU om ny UH-lov.

HVL er einig i at dei hovudutfordringane som er lista opp på side to i invitasjonen er viktige moment å få belyst i denne meldinga. Sidan HVL har fem campus som strekker seg over det meste av Vestlandet, er me heilt avhengig av gode digitale løysingar, både i undervising og i samhandling med andre internt og eksternt. Vi må også arbeide målretta for å vidareutvikle

¹ Frå HVL sin strategi 2019-2023: <https://www.hvl.no/om/strategi/>

den digitale kompetansen hjå tilsette og studentar. Etiske og juridiske utfordringar kring utvikling, eigarskap og deling av digitale læringsressursar er tema som med fordel også kan omtalast i stortingsmeldinga.

Ansvarleg innovasjon, berekraft og teknologi er felles faglege satsingsområde for HVL, og vår ambisjon er at studentane våre har kunnskapsgrunnlag til å bidra i eit digitalisert arbeidsliv, samt kunne vere med på å finne nye løysingar og måtar å arbeide på. Konkrete døme på korleis vi samarbeider med arbeidslivet om dette, er m.a omtala i avsnittet om prosjektet Teknoløft Sogn og Fjordane og KABIS.

2. Samarbeid om høgare utdanning

HVL er lokalisert på fem ulike campus i tre fylke, der det er stor variasjon i det lokale arbeids- og næringslivet i dei ulike nærområda. Målsettinga til HVL er difor å tilby studieprogram som er relevant og viktig både for nærområdet til den enkelte campus, heile Vestlandet og landet forøvrig. Vi deltek i fleire samarbeidsforum og næringsklynger i heile regionen, og har formelle krav for å sikre eksternt blikk på både nye og etablerte studieprogram. Dette, saman med godt samarbeid om praksisordningar både nasjonalt og internasjonalt, bidrar til å sikre at utdanningstilbodet på dei ulike campusane og innhaldet i utdanningane våre er tilpassa behovet og endringar i samfunns- og arbeidslivet rundt oss.

Strategisk samarbeid for utvikling av studieportefølje

Eit døme på eit samarbeidsforum er kompetanseforum Hordaland, der toppleiarar frå viktige samfunnsinstitusjonar er medlemmer. Forumet vert leia av fylkeskommunen, og fungerer som RSA for HVL i Hordaland. Målsettinga her er at samarbeid mellom dei sentrale aktørane bidrar til å løyse utfordringar som gjeld kompetanse og arbeidskraft i fylket, og bidra til å planlegge rett type og dimensjonering av utdanningstilbodet i framtida. Ved samanslåinga til Vestland fylke i 2020 vil kompetanseforumet dekke både nærregionane til campus Sogndal, Førde, Bergen og Stord. HVL deltar også i fleire nettverk og har god kontakt med arbeidslivsaktørane i Haugesundsregionen og i Rogaland elles.

Generelt ser vi at omstillingsprosessane og reformane både på kommune, fylkes- og statleg nivå påverkar samarbeidet med høgskulen. Dei tidlegare kontaktpunkta og møtestadane må i stor grad etablerast på nytt ut frå nye strukturar både internt i høgskulen og hjå samarbeidspartnarane rundt oss.

Vi har fleire formelle krav som sikrar samarbeid med eksterne i etablering av nye studieprogram og utvikling av dei eksisterande. Forskrift om studium og eksamen ved HVL stiller krav om studieplankomitear for alle nye studietilbod ved høgskulen, der det skal vere eksterne medlemmer for nye bachelor- og masteprogram.² I det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL har studieprogramråd ei sentral rolle i arbeidet med utvikling og forbedring av studieprogramma, og det skal vere eksterne medlemmer i desse.³

² https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-05-09-1000/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3

³ <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/forskrifter-reglar-retningslinjer/rammeverk-systematisk-arbeid-med-kvalitet-i-utdanningane-hvl.pdf>

Praksis og internasjonalt samarbeid

Tilgang på praksisplassar med god kvalitet er alfa og omega for at vi skal lukkast med dei profesjonsretta utdanningane våre. Vidare satsing på utvikling av Arbeidslivsportalen, og sikring av at fleire aktørar tar i bruk denne er difor svært viktig for å få til dette.

I fleire av utdanningane våre er det også utstrekt samarbeid med arbeids- og næringslivet om ulike prosjekt. Bioingeniørutdanninga ved HVL har i samarbeid med Haukeland Universitetssjukehus og Haraldsplass Diakonale Sjukehus utvikla den opne nettportalen E-praksis.no, som består av e-læringsverktøy og samlar informasjon om praksisstudia ved utdanninga. Nettportalen vann Utdanningskvalitetsprisen i 2018.⁴

HVL har lang erfaring med å tilby praksisopphald i utlandet som ein del av ein grad. Nyleg har Institutt for økonomi og administrasjon har fått innvilga tre InternAbroad- prosjekt, der bachelor og masterstudentar får tilbod om «internship» i internasjonale bedrifter. Eit døme her er eit samarbeidsprosjekt med Kansai University i Osaka, Japan, der studentane til HVL kombinerer studiar ved det japanske universitetet med praksis hjå bedrifter i Osaka. Dette ville ikkje vore mogeleg utan god støtte frå samarbeidsuniversiteta, som fungerer som dørøpningar for samarbeidet med dei internasjonale bedriftene. InternAbroad- prosjekta gir difor HVL ein unik moglegheit til å utarbeide gode rammer for praksisopphald for studentane våre, og for å knytte kontaktar i arbeidslivet i andre land.

HVL deltar også i fleire Erasmus+ Key Action 2 prosjekt, der samarbeid med arbeidslivet er eit sentralt aspekt. Eit døme på det er sektorallianse-prosjektet DISH. Her er det primære formålet å danne eit «triple helix»- samarbeid mellom arbeidsliv, utdanning og offentlege organisasjonar. HVL leiår den norske delen av partnarskapet, der Vaksdal kommune og Norwegian Smart Care Cluster er med.

Vi deltar også i fleire strategiske partnerskap innan Erasmus+, saman med ein eller fleire partnerar frå aktuelt nærings- og arbeidsliv. Dette er ein styrke for desse prosjekta, då det sikrar at det som vert utvikla av kurs, metodikk og verktøy er mest mogeleg relevant for arbeidslivet studentane seinere skal ut i.

Praksis i utlandet gir stor arbeidsrelevans for norske studentar. Studentane får opplevingar og erfaringar som dei elles ikkje ville ha fått i Noreg. Slike praksisopphald hos ein utanlandsk partner kan være svært tid- og ressurskrevjande å få på plass. Det er derfor naudsynt med statlege støtteordningar som t.d. InternAbroad og NOTED.

3. Samarbeid om studentane sin læring

HVL er ein profesjonsretta høgskule, og er avhengig av å rekruttere fagtilsette som også har erfaring frå arbeidslivet. Vi innarbeider yrkesretta element i fleire og fleire av utdanningane våre, og har fleire satsingar på entreprenørskap og innovasjon, mellom anna med eigne emne og studietilbod.

⁴ <https://diku.no/programmer/utdanningskvalitetsprisen-for-hoeyere-utdanning>

Rekruttering av tilsette

Ønsket og behovet om å rekruttere tilsette med erfaring frå praksisfeltet eller arbeidslivet kan på nokre fagområde vere vanskeleg å kombinere med krava til fagmiljø og del tilsette med førstekompetanse. Det er difor viktig å sjå på formuleringane og dei kvantitative krava som ligg i studietilsynsforskrifta rundt krav til førstekompetanse i fagmiljøet opp mot krava om relevant erfaring. Her må det blir tydlegare kva handlingsrom institusjonane har, jf. konklusjonane i NOKUT sin rapport «Fagmiljø og utdanningskvalitet». ⁵

Utviklingsavtalen mellom KD og HVL fastsett at HVL skal ha eit særskilt fokus på å «stimulere til økt relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep». Her har vi gjort ein jobb for å kartlegge omfanget av delte stillingar mellom høgskulen og andre arbeidslivsaktørar. HVL har tilsette som har bistillingar eller sidegjøremål i tillegg til full stilling ved HVL, men det er få som er tilsett i kombinerte stillingar hjå oss og andre arbeidsgjevarar. Vi ser det er krevjande å finne gode modellar og løysingar for å sikre at delte stillingar skal kunne fungere godt for alle parter. Vi viser elles til HVL sin årsrapport for 2018-2019 for meir omtale av dette⁶.

Auke tilknytning til arbeidsmarknaden

Fleire av dei meir disiplinretta/teoretiske utdanningane ved HVL har innarbeida yrkesretta element i studieplanane sine. På institutt for samfunnsvitskap har bachelorstudia i historie og sosiologi innført obligatorisk arbeidslivsretta praksis, jf. avsnittet om eksempel på godt samarbeid med arbeidslivet.

I tillegg blir studentane våre oppmoda om å skrive oppgåver der tema og problemstillingar er utvikla ut i frå praksiserfaringar, eller i direkte samarbeid med arbeidslivet. Dette er med på å sikre at høgskulen får tettare kontakt med arbeidslivet, og at vi kjenner utfordringane i arbeidslivet rundt oss når vi skal etablere nye utdannningar og utvikle dei eksisterande utdanningane våre. Ved Fakultet for ingeniør- og naturvitskap blir til dømes dei fleste oppgåvene skrivne på oppdrag frå arbeidslivet, der studentane forsøker å løyse problemstillingar som finst i både private og offentlege verksemder. I deltidsutdanningane og dei samlingsbaserte masterutdanningane våre er ofte studentane i jobb ved sidan av studia, og brukar difor erfaringar og aktuelle tema frå eigne arbeidsgjevarar som utgangspunkt for problemstillingar i oppgåveskriving.

Innovasjons- og nyskappingskompetanse

I HVL sin strategi for 2019 - 2023 står nyskaping sentralt. Nyskaping handlar for oss ved HVL om å forbetre produkt og tenester, vidareutvikle profesjonar og teknologi, arbeidsmetodar og undervisningsformer. Vi skal vere innovative og utruste studentane med kompetanse som gjer dei kreative, løysingsorienterte og nyskapande. I fleire studieprogram vert studentane aktivt trekt studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet.

⁵ https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/ua/2019/fagmiljo-og-utdanningskvalitet_7-2019.pdf

⁶ <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/rapport/rapport-2018-2019-hvl.pdf>

Det er etablert eit omfattande tilbod om innovasjon og nyskapingskompetanse både i og utanfor utdanningsprogramma ved HVL. I døma under visast eksempel på utdanningstilbod, utviklinga av eit eige kompetansemiljø og eit program for studentaktivitetar innan innovasjon og entreprenørskap ved HVL.

Døme på utdanningstilbod innan innovasjon

EN312 - Innovasjon og Studentbedrift (10 stp): Emnet er eit tilbod til alle studentar frå ulike fagområde ved HVL, og er også opent for eksterne. Studentane lærer å etablere, drive og utvikle ei studentbedrift. Dei skal utvikle ein forretningsidé og ein forretningsmodell relatert til si eiga bedrift, og gjennom dette lærer dei om økonomi, budsjett og rekneskap, samt sal og marknadsføring relatert til studentbedrifta sin forretningsidé. Emnet er samlings- og nettbasert, og får over to semester.

ING101 Teknologiledelse, økonomi og nyskaping (10stp): Emnet inngår i dei fleste ingeniørutdanningane på bachelornivå ved HVL. Siktemålet er å styrke studentane sin kompetanse når det gjeld å delta, organisere, leie og bidra til nyskaping i verksemder, i tillegg til utvikling og etablering av nye verksemder. Emnet skal også gje grunnleggjande kunnskap i bedriftsøkonomisk teori, og gi innsikt og trening i bruk av bedriftsøkonomiske analysemetodar. Studentane får ein generell innføring i alle fasar av etableringsprosessen. Dei får trening i å formulere og vurdere nye forretningsidear, og å utarbeide og analysere forretningsplanar.

Masterprogram i innovasjon og entreprenørskap (120 stp): Programmet rekrutterer frå alle ingeniør- og realfagsutdanningane. Forskingsområda innovasjon og entreprenørskap og praktisk-orienterte metodikkar som Design Thinking og Lean Start-up er sentrale element i studiet. I studieprogrammet er det tett kopling mellom teori og praksis, der studentane vert utplassert i bedrifter og arbeider med innovasjonsprosjekt i team i løpet av studiet. Fagmiljøet på studieprogrammet har eit tett samarbeid med regionale næringsklynger, teknologioverføringsselskap, inkubatorar, etablerte bedrifter/organisasjonar, Connect Vest og nettverket med investorar i «englenettverket». I programmet inngår og internasjonal utveksling gjennom Gunderskolen. Studentane reiser til Houston, Texas, og har praksis i ei oppstartsbedrift der over 10 veker. Tilbodet om internasjonal praksis blir utvida, og frå 2020 kan studentane også reise til Sør-Afrika.

Masterprogram i innovasjon og leiing (120 stp): Programmet rekrutterer i hovudsak studentar med bachelorgrad innan økonomi- og administrasjon. Med master i innovasjon og leiing får studentane ein solid teoretisk og praktisk plattform innan innovasjon, entreprenørskap, organisering og leiing, forretningsutvikling og digital forretningsforståing. Det er innlagt praksiserfaring i både nye og etablerte verksemder. Det er også fokus på tverrfagleg jobbing, der studentane kan utvikle idear sjølv, jobbe med kunnskapsbaserte idear frå regionale forskings- og næringsmiljø, eller jobbe med ein innovasjonsidé eller prosess i eit etablert selskap. Programmet har tilbod om internasjonal utveksling og praksis. Det er avtalar med universitetet i Berkeley, USA, og universitet i Sør-Afrika.

Masterprogram i organisasjon og leiing(120 stp): Programmet rekrutterer studentar som har ein profesjonsbachelor innan utdanning, førskule, helse eller velferd og minst to års praksis. Gjennom ei samlingsbasert deltidsutdanning lærer studentane korleis ein kan leie og styre endringsarbeid, fornying, omstilling og digitalisering i offentleg sektor. Gjennom sine masteroppgåver frå eigen arbeidsplass i offentleg sektor, bidreg studentane med ny kunnskap, ny kompetanse og nye innovative arbeidsmåtar inn i dei største sektorane i Noreg, helse-, omsorg-, velferd-, skule- og barnehagesektoren. Studiet samarbeider også med små distriktskommunar om skreddersydde undervisningsopplegg som skal møte lokale behov og motivere for kollektive utviklingsprosessar.

PhD-program: Responsible Innovation and Regional Development⁷: Nyleg vedtok NOKUT å akkreditere ph.d.-programmet «Ansvarlig innovasjon og regional utvikling» ved HVL. Programmet fokuserer på innovasjon i eit anvendt profesjons- og forskingsperspektiv og skal bidra til utdanning av kandidatar som både har ein teoretisk og ein praktisk forståing av berekraft og ansvarleg innovasjon. Forskingsmiljøet bak søknaden representerer ei brei forståing av ansvarleg innovasjon med eit spesielt fokus på korleis innovasjonar kan bidra til økonomisk verdiskaping parallelt med eit grønt skifte og utviklinga av velferdssamfunn.

Forsknings- og kompetansesenter for innovasjon og entreprenørskap

Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling: Forskinga ved Mohnsenteret ligg i spennet mellom teoretiske og anvendte problemstillingar, og utforskar korleis verdiskaping og lønsemd kan fremmast og realiserast parallelt med eit grønt skifte og vidareføring av velferdssamfunnet. Innovasjon skal vere ansvarleg og sikre ei berekraftig samfunnsutvikling. Mohnsenteret jobbar med å styrke koplingane mellom næringsliv og industri og forskings- og utdanningsinstitusjonar, mellom anna i utviklinga av felles prosjekt og forskning som utviklar systematisk kunnskap om verkemiddel og metodar for å stimulere til innovasjon og entreprenørskap. Mohnsenteret jobbar særleg inn mot regionalt næringsliv, offentleg sektor og studentar ved HVL.

Studentaktivitetar innan innovasjon og entreprenørskap

Studententreprenørskap: HVL legg ein brei eller integrert modell til grunn i arbeidet med entreprenørskap. Utviklinga av nye idear skjer i eit samspel mellom ulike aktørar i «regionale økosystem». Her er HVL og dei andre kunnskapsinstitusjonane ein av fleire aktørar, der næringslivet, finansielle institusjonar, det offentlege verkemiddelapparatet samt politikkutvikling er andre viktige berebjelkar.

Modellen omfattar både idear som har sitt opphav i forskingsmiljø, og idear utvikla i samarbeid med næringsliv og offentleg sektor. På denne måten får ferdigutdanna studentar både kompetanse innan entreprenørskap, og kan gå inn som innovasjonsaktørar i arbeidslivet. HVL har som ein profesjons- og arbeidslivsretta høgskule særlege føresetnadar for å dyrke denne modellen.

Det vert også lagt til rette for at studentar kan utvikle eigne verksemdar gjennom eit studentinkubasjonsprogram, innovasjonskonkurransar og ulike events, i tillegg til oppgåvearbeid i utdanningane. Nokre prosjekt har også fått støtte gjennom Norges Forskningsråds program «StudENT» (FORNY programmet). I Bergen har studentbedriftene tilgang til lokale og møteplassar i «Fabrikken», og vi jobbar for å sikre liknande tilbod for studentbedrifter ved alle campus. Alle desse elementa har ein sentral rolle i utviklinga av ein entreprenørskapskultur ved HVL.

Det er viktig å merke seg at det ikkje berre er målsetting om å etablere nye studentbedrifter som står sentralt i HVL sitt arbeid med studententreprenørskap. Ei like stor målsetting er å skape interesse for innovasjon og entreprenørskap blant studentane.

⁷ <https://www.fpol.no/hogskolen-pa-vestlandet-ser-pa-ansvarlig-innovasjon-og-regional-utvikling/>

4. Myndigheitsnivå

UH- sektoren har mange lovar, forskrifter, rammeplanar og regelverk å forhalde seg til, som både er komplekse i seg sjølv og som av og til står i motstrid til kvarandre. I enkelte samanhengar er dei også i direkte konflikt med ambisjonane om å vidareutvikle arbeidslivsrelevansen.

Studietilsynsforskrifta sine krav til fagmiljø er som tidlegare nemnt ei utfordring når det gjeld rekruttering av tilsette med erfaring frå praksisfeltet. Innhaldet her og tolkinga av krava er også ei utfordring når det gjeld utvikling og etablering av studietilbod innan etter- og vidareutdanning og samarbeid med eksterne aktørar der og eksterne skal bidra i undervisinga.

I tillegg er det av og til eit motsetnadsforhold mellom tidshorisonten på oppdrag som blir gitt frå offentlege instansar som t.d Utdanningsdirektoratet, og rutinane og prosessane institusjonane har for å sikre at desse tilboda held god nok kvalitet.

HVL støttar fullt ut direktøren i NOKUT i Terje Mørland i innlegget hans 2.7.19:

«Det kan stilles spørsmål ved om dagens regelverk virker hemmende på utvikling og innovasjon ved institusjonene. Eksempler på områder hvor regelverket kan virke begrensende er utdanningssamarbeid med arbeidslivet, utdanningstilbud på tvers av landegrenser og overganger mellom utdanningstyper. I noen tilfeller har nok institusjonene større juridisk handlingsrom enn de kanskje er klar over. Men det omfattende og kompliserte regelverket virker ikke direkte stimulerende på utviklingen og fornyelsen ved institusjonene som samfunnet trenger og forventer.»⁸

NOU med forslag til ny UH-lov vert etter planen lagt fram til KD i februar 2020, medan stortingsmeldinga om arbeidslivsrelevans først kjem året etter. HVL reknar med og forventar at ei forenkling av regelverket med omsyn til samarbeid med arbeidslivet også vert ein del av arbeidet med revisjon av UH- lova, slik at dette vert sett i samanheng med arbeidet med stortingsmeldinga.

Omgrepet «praksis» blir brukt litt forskjellig, alt etter om ein snakkar om praksis i lærar, helse- og sosialfagutdanningane, og praksis i utdanningane som tradisjonelt har hatt ei meir teoretisk forankring, men som ønsker å blir meir arbeidslivsretta. Dette skapar ofte forvirring kring kva krav og innhaldet ein legg til grunn, og det er difor ønskjeleg at begrepsapparatet her vert utvikla, samtidig som dei formelle krava til dei ulike praksistypane må differensierast i til dømes akkrediteringsprosessar. Føringane som ligg i rammeplanar og minimumskrav til lengde på praksisopphald i utlandet er også ei utfordring med tanke på å auke internasjonale praksisopphald.

Vi viser elles til nærare omtale av konkrete utfordringar kring samarbeid med praksisfeltet frå helse- og sosialfag og lærarutdanningane frå side 12 i dette dokumentet.

⁸ https://www.nokut.no/regelverket-for-universiteter-og-hoyskoler-ma-forenkles?fbclid=IwAR3MpeL092-4lWSqMrOzYm_JmDZvWUGSiSAIStntxN6lqGyTPvssDWeYwY

5. Tre eksempel på godt samarbeid med arbeidslivet om høgare utdanning

HVL har mange gode døme på samarbeid med arbeidslivet frå alle fagområde og alle campus, som det står meir om i årsrapporten vår. I denne samanhengen har vi vald å utdjupe arbeidet med arbeidslivsretting i sosiologi og historie, forskingsrådsrådprosjekta Teknoløft Sogn og Fjordane og KABIS og senter for tverrprofesjonell samhandling (TVEPS).

Arbeidslivsretting i sosiologi og historie

I samband med studieplanarbeid i 2016 hadde fagmiljøa ved dåverande Høgskulen i Sogn og Fjordane ønske om å gjere bachelorstudia i sosiologi og historie meir arbeidslivsrelevante. Empiriske og teoretiske analysar av arbeids- og samfunnsliv er på mange måtar dei mest sentrale emna for desse faga, men utdanningane har i liten grad gitt studentane høve til å opparbeide eigne erfaringar med arbeidslivet. Fagmiljøet meinte difor at eit opphald på ein arbeidsplass, helst i regionen, ville ha fagleg eigenverdi for studentane, i tillegg til at dei ville få sjansen til å knyte kontaktar som kunne vere verdifulle for dei i framtida.

Emne med arbeidspraksis

Det vart oppretta to 20 studiepoengs- emne (SA591 *Arbeidslivsretta sosiologi* og SA605 *Historiefagleg praksis*) som gir studentane obligatorisk praktisk erfaring ved ein arbeidsplass i offentlig eller privat sektor i regionen. Emna vil gjennomførast for første gang i studieåret 2019/ 2020.

Sjølve arbeidslivspraksisen er på sju veker, med kortare periodar med førebuing og etterarbeid ved høgskulen. I tillegg til opprettinga av «praksisemnet», er det også lagt inn meir arbeidslivsrelevant fagleg innhald i studiet, og studentane vert oppmoda om å skrive bacheloroppgåver som spring ut av praksiserfaringar, eller på andre måtar er relevante for arbeidsplassen dei har vore på. Kvar student får ein kontaktperson ved instituttet og ein mentor ved arbeidsplassen som har ansvar for å følgje opp studenten og å halde kontakten mellom HVL og arbeidsplassen.

Det er inngått avtale mellom HVL, student og arbeidsplass som presiserer føremål og plikter, kommunikasjon og samarbeid mellom partane, forsikringsspørsmål, eventuelle politiattestar, etc. Emnet inneheld også opplegg for førebuing til praksis, praksisoppfølging, arbeidskrav, midtvegs- og sluttevaluering. Studentar skal mellom anna setje seg inn i oppgåver, organisering og drift ved arbeidsplassen dei skal ha opphald ved, dei skal munnleg leggje fram erfaringar undervegs og etter praksisopphaldet, og skrive ein praksisrapport som sluttevaluering. Instituttet har også mål om å på sikt etablere ein arbeidslivskonferanse der studentane legg fram praksiserfaringar for første og andreårsstudentar, i tillegg til inviterte mentorar frå arbeidslivet, fagtilsette og høgskuleleiinga.

I tillegg til emnet *Arbeidslivsretta sosiologi*, er det oppretta eit nytt arbeidssosiologisk emne i forkant av praksisperioden. Dette emnet, SA592 *Arbeidssosiologi med metode*, presenterer organisering og styring av moderne arbeidsprosessar, verknaden av digitalisering og andre teknologiske endringar, og kva vilkår arbeidstakarar har til å påverke arbeidskvardagen. I tillegg får studentane kunnskap om bruken av ulike metodar for å opparbeide kunnskap om dagens arbeidsliv, spesielt i samband med deltaking i og observasjon av arbeidsprosessar.

På historiestudiet er det innført nye ekskursjonar for alle studentar til aktuelle praksisverksemder i fyrsteåret. Eit nytt obligatorisk emne i fyrsteåret, «*Historia i samfunnet*» (10 stp), tematiserer korleis historie blir brukt i samfunnet i dag og dermed også kva historikarar arbeider med. Tredje året vil eit heilt nytt emne «*Historiefagleg kommunikasjon*» (5 stp), styrkje arbeidslivsrettinga i studiet gjennom å auke studentane sin kompetanse på å bruke historisk kunnskap mot ei definert ekstern målgruppe.

Erfaringar og moglege ringverknader

Vi har 30 praksisplassar, der hovudvekta er i offentlig sektor. Vi kan kategorisere praksisplassane ut frå arbeid retta mot: 1. Formidling og kommunikasjon, 2. Ungdom og utdanning, 3. Flyktingar og integrering, 3. Plan- og utgreiingsarbeid, 4. Sosialt entreprenørskap, 5. Helse og velferd.⁹ Det har vore ein del arbeid med å skaffe desse praksisplassane, men vi opplever at arbeidslivet er positivt innstilt til å ta i mot studentar.

Ein del arbeidsplassar har tidlegare erfaring med studentmottak i praksis (gjerne studentar i profesjonsutdanningar), men vi har også «rekruttert» mange verksemder som tidlegare ikkje har slik erfaring. Opprettinga av praksisplassar for sosiologi- og historiestudentar inneber slik ei monaleg auke av HVL si kontaktflate mot arbeidslivet i regionen. Denne kontakten med arbeidslivet ønskjer vi å vidareutvikle ved å invitere verksemdene som har stilt erfaringsutveksling mellom verksemdene, studentane og sosiologi-/historieutdanningane både som utdanningsinstitusjon opp for oss og studentane, til eit arbeidslivsseminar. Ambisjonen med seminaret er tredelt, 1) å gi fagleg påfyll til verksemdene, 2) å utveksle praksis-erfaringar mellom verksemdene, studentane og utdanningane, og 3) skape ein arena for eit tettare samarbeid og auka samhandling med lokalt og regionalt næringsliv. Over tid har vi som ambisjon å utvide arbeidslivet sitt perspektiv på desse utdanningane. Slik vonar vi å bidra til at historie- og sosiologistudentane i framtida vil kunne ha ein større jobbmarknad å gå til - lokalt, regionalt og nasjonalt.

Tilrettelegging for arbeidslivsrelevant praksis har også ein administrativ meirkostnad som ikkje vert kompensert (t.d. tilrettelegging og administrering av avtalar, praksisbesøk og reiseverksemd for studentar og tilsette). Vi meiner dette er ei problemstilling som bør fangast opp i Stortingsmeldinga.

Eit overordna synspunkt på forholdet mellom utdanning og arbeidsliv er at det alltid vil og bør vere eit visst skilje mellom desse samfunnsområda. Nyutdanna kandidatar medverkar til nyskaping og utvikling nettopp ved at dei tek med seg nye perspektiv og ein annan type kunnskap inn i arbeidslivet. Arbeidslivsrettinga av historie og sosiologi ved HVL siktar dermed mot å inspirere både studentar og tilsette ved HVL og aktørar i arbeidslivet til å bli betre kjende med, og dra nytte av kunnskapar, metodar, utvikling og rutinar som blir nytta i dei respektive institusjonane.

Teknoløft og KABIS – regionale kompetansesatsingar

Prosjekta Teknoløft Sogn og Fjordane og KABIS (Kapasitetsløft for berekraftig og innovativ sjømatproduksjon) er satsingar i HVL som skal bygge kompetanse tett kopla til det regionale næringslivet sine behov.

Prosjekta er finansierte frå FORREGION-programmet i Noregs Forskingsråd, og begge dei seksårige prosjekta har tett kopling til næringslivsaktørane gjennom ordningar for tilsetteutveksling mellom academia og næringsliv, næringsrelevante doktorgradsprosjekt,

⁹ I underkant av 20 ulike verksemder tar i mot studentane. Eksempel er Fylkesarkivet, Sogn Avis, Asplan Viak, Saman, opplæringsavdelinga i fylkeskommunen.

prosjektoppgåver, nye utdanningstilbod både på bachelor, master og etter- og vidareutdanningsnivå, og rundt nye prosjektinitiativ for å auke innovasjonsaktiviteten i næringslivet.

Norges Forskningsråd si regionale satsing gjennom FORREGION programmet betyr særskilt mykje for å vidareutvikle arbeidslivsrelevansen innan til dømes teknologiutdanningane ved HVL. Kapasitetsløft på område der dei regionale behova står sentralt og der utdanning og forskning skjer i tett samspel med bedrifter og næringsmiljø regionalt styrker det regionale innovasjonssystemet og kobler utdanning tettare på innovasjonsarbeidet i viktige næringar. Målet for prosjekta er å bygge kompetanse i HVL slik at høgskulen kan bidra til auka forskings- og innovasjonsaktivitet i næringslivet, og slik at høgskulen leverer endå fleire relevante kandidatar både på bachelor og masternivå til næringslivet. Dette programmet og liknande ordningar er bør vidareførast for å sikre arbeidslivsrelevans.

Teknoløft Sogn og Fjordane

Teknoløft Sogn og Fjordane er eit samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning, SINTEF Digital og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane for å auke kapasiteten i forskingsmiljøa på områda digitalisering og automatisering. Eit større og meir relevant næringsrelevant forskingsmiljø på viktige kompetanseområde for regionen skal føre til større etterspørsel etter forskingstenester for utvikling og innovasjon, og prosjektet skal og stimulere til nye samarbeid om forskning og innovasjon på fagområda med partnarar i og utanfor Norge.

Dei fleste bedrifter vil før eller seinare måtte omstille seg drastisk for å møte det digitale skiftet. Målsettinga for Teknoløft Sogn og Fjordane er å bidra til å lette omstillinga i bedriftene gjennom deling av kunnskap, problemstillingar og kompetanse mellom forskingsmiljø og næringsliv. Prosjektet rettar seg mot eit breitt spekter av små og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane for å stimulere flest mogleg av dei til eit løft på områda digitalisering, robotisering og automatisering. Målsettinga er at ein større del av næringslivet i regionen skal ta aktivt del i det digitale skiftet.

Dei to hovudsatsingane i prosjektet er å utvikle kompetanse på meir fleksibel automatisering med robotar i små og mellomstore bedrifter, og å utvikle meir næringsretta kompetanse innan stordata (Big Data) som kan gjere det lettare for bedrifter å ta i bruk data til innovasjon og omstilling. Satsingane skal utdanne nye doktorgradsstipendiatar i næringsrelevante problemstillingar, og auke toppkompetansen i forskingsmiljøa. For å auke tilgangen på relevant og kompetent arbeidskraft i fylket skal prosjektet òg utvikle nye næringsrelevante etter- og vidareutdanningstilbod, og har som langsiktig mål å utvikle ei masterutdanning i robotikk og digitalisering.

Aktiviteten i prosjektet tek utgangspunkt i næringslivet sine behov for relevante satsingsområde for forskning, utdanning og innovasjon, og prosjektet har tett dialog med næringslivet om korleis høgskulen kan bidra til meir innovasjonskraft og kompetanse i bedriftene. Prosjektet har særleg lagt vekt på samarbeid med IT-bedrifter som er langt framme når det gjeld digitalisering av produksjon og tenesteyting, og med produksjonsnæringar og energibransjen i Sogn og Fjordane. Prosjektet har som målsetting at den næringsretta forskingsbaserte innovasjonsaktiviteten i Sogn og Fjordane minst skal doblast før år 2023.

Oppdrettsnæringa i Hordaland har eit betydeleg potensial for vekst og verdiskaping. Ein slik vekst krev implementering av nye, miljøvennlege produksjonssystem. KABIS skal mobilisere utdanning- og forskingsmiljø inn mot næringsrelevante problemstillingar innan feltet, og sikre at kompetanse og forskning vert retta mot problemstillingar som mogleggjer næringa si omstilling og potensial for kunnskapsbaserte vekst på Vestlandet. KABIS-prosjektet byggjer opp under, og styrker, innovasjonsarbeidet og omstillinga som no skjer for å utvikle miljøvennlege oppdrettssystem. Dette gjeld mellom anna landbaserte resirkuleringsanlegg (RAS) og flytande semi-lukka anlegg i sjø.

Prosjektet er særleg retta mot å utvikle behovsbaserte og innovasjonsorienterte utdanningsprogram (master/siv.ing.,ph.d), styrke den operasjonelle og anvendte forskinga på miljøvennlege oppdretts-system, utvikle forskingsbasert kunnskap om innovasjon i regionale næringsmiljø med fokus på implementering av FoU resultat i produksjon, tilrettelegging og leining av samhandlingsbaserte innovasjonsprosesser. Arbeidspakkane i prosjektet er dermed organisert i utdanning, mobilitet, kunnskapsbygging og implementering av innovasjonar.¹⁰

Senter for tverrprofesjonell samarbeidslæring (TVEPS)

Senter for tverrprofesjonell samarbeidslæring (TVEPS)¹¹ er etablert i samarbeid mellom Universitetet i Bergen (UiB), Høgskulen på Vestlandet (HVL) ved Fakultet for helse og sosialvitenskap og Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, Bergen kommune og Fjell kommune. Føremålet er å styrke utvikling av tverrprofesjonell samarbeidskompetanse i helse- og sosialfagleg utdanning og praksis, i tråd med nasjonale og internasjonale føringer. I TVEPS samarbeider utdanningsinstitusjonar og deltakande kommunar om å etablere og vidareutvikle tverrprofesjonell samarbeidslæring i relevante utdanningar ved HVL og UiB.¹²

Samarbeidet bidrar til at studentane får erfaring med tverrprofesjonelt samarbeid om og med pasientar, tenestemottakarar og barnehagebarn, medan praksisstadene får innspel og vurderingar frå tverrprofesjonelle studentteam. Tilbakemeldingane er at dette er nyttig for deira faglege verksemd, og at dei ofte får ny innsikt i situasjonen til eigne brukarar.

Deltakarar og gjennomføring i TVEPS

Sidan oppstarten i 2012 har omlag 1000 studentar fordelt på vel 200 tverrprofesjonelle team delteke i TVEPS. Studentane møtast i introduksjonsmøte der dei blir kjent med kvarandre og får ein plenumsorientering om opplegget dei skal gjennom. Gruppene som er utplassert i primærhelsetenestene gjennomfører så ein «pasientdag» der kvar gruppe møter to pasientar/brukarar og saman kartlegg behova deira. Dei utarbeidar ein tiltaksplan med konkrete råd for korleis kvar pasient kan få ein betre kvardag og auka livskvalitet. Om lag ei veke etter pasientdagen møter studentane dei behandlingsansvarlege i institusjonen til eit dialogmøte om tiltaksplanane. I dialogmøtet vert kunnskap og erfaring utveksla, drøfta og korrigert.

¹⁰ KABIS-prosjektet er eit samarbeid mellom NORCE, Universitetet i Bergen ved Institutt for biovitenskap og Høgskulen på Vestlandet ved Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling. Bedriftspartnarane i prosjektet er Bremnes Seashore, Hardingsmolt AS, Sævareid Fiskeanlegg, Linga laks, Eide fjordbruk og Blom fiskeoppdrett (eigar av Vik settefisk), Lerøy Seafood Group ASA, Marine Harvest, Blom fiskeoppdrett, Grieg Seafood ASA, Hardingsmolt, Eco-mærden og Mærdslippen. I tillegg deltar næringsklyngene NCE Seafood Innovation Cluster og GCE Ocean Technology saman med verkemiddel frå Hordaland fylkeskommune og VIS(tidlegare Bergen Teknologioverføring AS).

¹¹ <https://www.uib.no/tveps>

¹² Studentane er i siste eller nest siste studieår i studieprogramma medisin, ernæring, farmasi, tannpleie, psykologi, logopedi, jus, musikkterapi, sjukepleie, ergoterapi, vernepleie, sosionom, bioingeniør, helsesjukepleiar og barnehagelærar.

Studentar som gjennomfører TVEPS i barnehage har eit litt anna opplegg. Etter introduksjonsmøtet samarbeider kvar av desse gruppene om å tilrettelegge aktivitet for ei gruppe barnehagebarn ut frå eit folkehelseperspektiv. Dei møter så barn og tilsette i ein barnehage, og gjennomfører dei planlagde aktivitetane. Etter gjennomføring har studentane dialog med personalet i barnehagen. Etter eventuelle endringar vert opplegget gjennomført på nytt for ei ny gruppe barn, før det vert runda av med ny dialog med personale og fasilitator.

Kvar studentgruppe har ein fasilitator frå TVEPS, som har ansvar for å bidra i læringsprosessen og den praktiske gjennomføringa. Rettleiing og tilrettelegging som gjeld behandling, tiltak eller aktivitet for pasientar/brukarar/barnehagebarn vert ivareteke av dei fagleg ansvarlege på praksisstaden. Alle studentar avsluttar deltakinga med å skrive eit individuelt refleksjonsnotat om eige læringsutbytte

Erfaringar og vidare arbeid

TVEPS gir studentane ein unik moglegheit til å lære å arbeide saman ut frå eit tverrprofesjonelt perspektiv. Tilbakemeldingane frå dei ulike partane i prosjektet viser også at læringsaktivitetane i TVEPS gir positive ringverknadar ikkje berre for studentar, men også for tilsette og for pasientar/brukarar og barnehagebarn.

Studentane sine forslag kan innebere ulike innovasjonar som legemiddelgjennomgang, oversette prøvesvar og diagnoser, livsstilsendring, økt fysisk og sosial aktivitet, spesifikk trening, støttetiltak, ernæring og tannhelse. Dialogmøta gir eit godt grunnlag for felles refleksjon, læring og nokre gonger nyskaping. I tillegg til å lære av det praktiske arbeidet dei gjer, og å lære av eigne observasjonar og informasjon frå pasientar og tilsette på praksisstaden, lærer studentane også av, om, og med kvarandre.

Dei aller fleste studentane fortel om mykje og god læring om andre fag og helseaktørar, om tverrprofesjonelt teamarbeid og om pasientarbeid. Ikkje minst er det å stå aleine med sitt fag i det tverrprofesjonelle teamet ein sterk impuls til profesjonell utvikling.

Frå studieåret 2020 vil trening i TVEPS inngå som obligatorisk arbeid for alle helse- og sosialfaglege profesjonsstudentar ved UiB, og for bachelorutdanningar i helse- og sosialfag ved HVL- campus Bergen. I tillegg deltek fleire og fleire jus-studentar frå UiB og helsesjukepleiarstudentar og barnehagelærarstudentar frå HVL – campus Bergen. Det vert også jobba for å bygge opp TVEPS-liknande tiltak på HVL sine andre campus. Pedagogikk og læringsformer vil ha overføringsverdi også for andre kliniske emne og fagområde.¹³

¹³ **Utfyllande lesning om TVEPS:** Bondevik GT, Holst L, Haugland M, Bærheim A, Raaheim A. Interprofessional Workplace Learning in Primary Care: Students from Different Health Professions Work in Teams in Real-Life Settings. Executive Editors 2015; 27: 175-82.
Brenna SJ, Bærheim A, Grimeland T, Kjome RLS, Johannessen A. Betydningen av å utvikle tverrprofesjonell samarbeidsevne. *Omsorg: Nordisk tidsskrift for Palliativ Medisin*. 2018: 20-25.
Engeström Y, Sannino A. Studies of expansive learning: Foundations, findings and future challenges. *Educational Research Review* 2010; 5: 1-24.
Forskrift om felles rammeplan i helse- og sosialfagutdanningar. Oslo 2017
Raaheim A. Eksamensrevolusjonen. Oslo: Gyldendal akademisk, 2016: 35-9.

6. Supplerande spørsmål om kvalitet og relevans i obligatorisk praksis for helse- og sosialfag- og lærarutdanning

For studia med obligatorisk praksis innan helse – og sosialfag og lærarutdanningane er det store utfordringar med å finne nok praksisplassar og tilgang på nok rettleiarar- og øvingsleiarar med formell kompetanse. For at ein skal kunne fokusere meir på kvalitetsutvikling og innhaldet i praksis, og mindre på utfordringar med logistikk og økonomi, er det behov for å gjere medansvaret for utdanningsoppdraget og forpliktingane det medfører enno tydeligare for eigarane av praksisinstitusjonane på alle forvaltningsnivå.

Helse- og sosialfagutdanningar

Samarbeid om praksisstudiar

Høgskulen på Vestlandet (HVL) si største utfordring knytt til samarbeid om praksisstudiar innan helse- og sosialtenestene er ulik lovfesting og finansiering av praksisstudiane. Det å klare å skaffe tilstrekkeleg tilgang til praksisplassar av god kvalitet utfordrar utdanningane. Særleg er dette ei utfordring ved HVL sine bachelorutdanningar i barnevern og sosialt arbeid og generelt ved praksis i kommunehelsetenesta og psykisk helsearbeid ved alle våre helse- og sosialfaglege utdanningar.

Praksisrettleiar sin kompetanse kan variere og det er vanskeleg å stille høge nok krav til kompetanse ved mangel på tilgang og lovfesta krav til å bidra til å utdanne nye profesjonsutøvarar. Ved kliniske masterutdanningar er det særleg krevjande å få praksisrettleiarar med både rettleiar- og masterkompetanse. Det er generelt ei stor utfordring å rekruttere kompetente rettleiarar. Det vil også ta tid å bygge opp denne kompetansen. Generelt er det også krevjande for praksisfeltet å setje av tid til rettleiing ved sidan av det behandlingsarbeidet dei har.

Felles lovfesting av oppfølgingsansvar av studentar i praksisstudiar innanfor alle tenestene kan bidra til å løyse dei utfordringane vi skisserer her. Medansvaret for utdanningsoppdraget må i det heile bli meir presist og tydeleg formulert i lovverket under alle departement som har ansvar for dei tenestene vi utdannar til, både HOD, BLD og ASD.

Kostnadane til praksisstudiar er store med dei geografiske avstandane vi har på Vestlandet. Svært mange av våre studentar må ha hybel ein annan stad enn ved det campus dei studerer og det er store kostnader for høgskulen knytt til hybel og reiser for studentar og reiser for kontaktlærar. Kontaktlærar frå høgskulen med ansvar for oppfølging av studentar i praksisstudiar krev avsetting av både store tids- og reiseressursar knytt til oppfølging.

Det er også ei utfordring at høgskulen manglar gode nok incitament som kan bidra til at praksisinstitusjonane vil satse på å auke kvaliteten og statusen på praksisstudia. Ei konkret utfordring er at det er vanskeleg for tilsette i helse- og sosialtenesta å få fri med løn for å ta rettleiarutdanning. Kompetanseheving knytt til dei nasjonalt fastsette minimumskrava på 10 studiepoeng i rettleiing gjev heller ikkje lønsauke. Vidare vil nasjonalt utvikla modellar, inklusiv organisering og finansiering for samarbeidsstillingar mellom praksisfelt og utdanningsinstitusjonar, styrke samarbeidet. Det trengs altså incitament til praksisinstitusjonane i form av til dømes honorar/frikjøp og kompetanseheving som gjev uttelling kring status og løn.

Samarbeidsavtalar

HVL har god erfaring med samarbeidsavtalar med helseføretaka. Avtalane her klargjer ansvarsforholda mellom høgskulen og praksisfeltet. Utfordringa med avtalar med til dømes kommunehelsetenesta, barnevernstenesta og NAV er at det kan vere krevjande å oppnå eit

like forpliktande samarbeid om praksisstudiar for våre studentar i og med at lovverket ikkje er klar på kva ansvar ein her har. For at samarbeidsavtalane skal få ein lik funksjon ved samarbeid om praksis både i spesialisthelsetenesta og i tenester i kommunane, må som tidlegare sagt medansvaret for utdanningsoppdraget bli meir presist og tydeleg formulert i lovverket under alle sektordepartement.

Samarbeidsorgan

Saman med andre høgskular og universitet på Vestlandet deltek HVL i samarbeidsorgan for utdanning med helseføretaka i Helse Vest (Stavanger, Fonna, Bergen og Førde). Dette samarbeidsorganet er regulert av ei rammeavtale som seier at organet skal drøfte saker av felles interesse kring utdanning og innovasjon. Tilsvarande har vi eit samarbeidsorgan for forskning, og to gongar i året har vi fellesmøte. Vidare regulerer høgskulen sine samarbeidsavtaler samarbeidsmøte og utdanningsmøte med spesialisthelsetenesta på ulike nivå.

Via samarbeidsorgan og samarbeidsmøte held vi kvarandre gjensidig informert om strategiar, planar og tiltak som påverkar partane sine pliktar og moglegheiter. Innan utdanning er innhald i praksisstudia og behov for endring i utdanningane på grunnlag av behov i helse- og omsorgstenesta i regionen satt i fokus. Dimensjonering av utdanningane, konkrete behov for tal praksisplassar og rettleiingsressursar- og utdanningsmodellar står sentralt i møta.

Samhandling er eit strategisk satsingsfelt i HVL og vi jobbar no mellom anna med å opprette ein samhandlingsportal, der viktige erfaringspunkt frå eksterne møte vert skriftleggjort og teke vidare i organisasjonen. Vi jobbar med å byggje opp ein støttestruktur for samhandling som hjelper linjeleiinga til å få samhandlingsprosessar til å fungere smidig og funksjonelt. Vi utarbeider også retningslinjer for informasjonsflyt slik at relevant informasjon frå møte med eksterne samspelepartar betre kjem fram til personar eller einingar som informasjonen kan vere relevant for.

Nye måtar å gjennomføre praksisstudiar på

HVL oppfattar ikkje at dei nye forskriftsfesta retningslinjene for helse- og sosialfagutdanningar gjev større moglegheit for nye måtar å gjennomføre praksisstudiar på. Det er framleis ei stor grad av detaljstyring av praksis, særleg innan sjukepleie. HVL har gode læringsarenaer for simulering og ferdigheitstrening. Simuleringslæring og ferdigheitstrening bør kunne inngå som ein del av obligatorisk praksis. Slik læring kan ikkje erstatte direkte pasientretta praksis, men studentane møter dei same læresituasjonane og lærer dei same prinsipp og prosedyrar, noko som igjen kan gi betre pasientsikring i reelle praksissituasjonar. Med kravet om tal veker direkte pasientretta praksis må simulering og ferdigheitstrening takast av den tida som er sett av til teoretiske studiar, og dette er uheldig med tanke på læringsutbytta som skal nås samla sett.

Ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap ved HVL startar vi i august 2019 eit større praksisprosjekt, nettopp med tanke på å utvikle kvaliteten på praksisstudiar. Her vil representantar frå tenestene, studentar og tilsette saman sjå på tiltak som kan bidra til kontinuerleg kvalitetsutvikling i praksis, sikre relevans og styrke kommunikasjon og samarbeid mellom utdanning og praksisstad.

Vidare vil vi gjennom prosjektet utvikle lærings- og vurderingsformer i praksis som sikrar god oppnåing av studentane sine læringsutbytte og god ressursbruk. Ved HVL har bioingeniørutdanninga alt utvikla ePraksis¹⁴, ein digital læringsressurs som skal betre

¹⁴ <https://www.hvl.no/prosjekt/468870/>

tilrettelegginga og dermed heve kvaliteten på laboratorie- og praksisundervisninga. Vi vil sjå kva vi kan implementere og lære av deira arbeidet her.

Lærarutdanning

Lærarutdanningane har lang erfaring med gjennomføring av obligatorisk praksis i samarbeid med praksisfeltet. Samarbeid over tid med dei same eigarane, som kommune, fylkeskommune og private aktørar, gjennom formelle og uformelle fora, gjer at praksissamarbeidet på ein del område er føreseieleg og godt. Samtidig er det utfordringar når det kjem til samarbeid mellom institusjonar spreidd på ulike forvaltningsnivå. HVL er framleis ein nyfusjonert høgskule og samkøyinga av korleis vi skal gjennomføre praksis i utdanningar som går på tvers av dei gamle høgskulane er eit viktig arbeid som skal sørgje for at både studentar og samarbeidspartnarar får møte og ta del i ei kvalitetssikra praksisopplæring.

Viktige utfordringar for samarbeid

Spørsmålet som er stilt på side 5 i invitasjonen, spør direkte om det gjensidige samarbeidet mellom lærarutdanningsfeltet, tolka som lærarutdanningsinstitusjonane og barnehageeigarane. Vi vel å tolke det litt vidare, og forstår spørsmålet som kva dei viktigaste utfordringane er for eit gjensidig samarbeid mellom lærarutdanningsinstitusjonen HVL/Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) og våre samarbeidspartnarar i skule, barnehage, kultur- og idrettsliv. Det vil slik sett gjelde både eigarane og samarbeidet med praksisfeltet.

Felles forståing av lærarutdanningsoppdraget er kanskje den største utfordringa. På den eine sida handlar det om å skape ei gjensidig forståing for kor viktig eit systematisk samarbeid er og kor viktig det er at studentane blir oppfatta som, og inkludert som, ein del av kollegiet/fellesskapen ved praksisinstitusjonane. På den andre sida handlar det om å arbeide med kulturutviklinga på lærarutdanningsinstitusjonen, der ein skapar ein kultur i undervisnings- og forskingsmiljøet for kopling av pedagogikk, fag- og fagdidaktikk og praksisperspektiv i samarbeid med praksislærarane. Det er først når begge desse perspektiva er innarbeidd at ein kan få ei felles forståing av lærarutdanningsoppdraget mellom institusjon og praksisfelt. Eit viktig premiss ligg i at ei opparbeidd felles forståing må ein arbeide kontinuerleg med. Lærarutdanningsskular og –barnehagar, partnarskapsskulane og –barnehagane som er knytt til det, og partnarskapsprosjektet i regi av FLKI i samarbeid med Bergen kommune og forskings- og utviklingsarbeid i samarbeid mellom praksislærarar og tilsette ved høgskulen, er alle viktige i å skape ei felles forståing som kan vare.

Ei utfordring som ein ikkje har klart å løyse i samarbeidet mellom lærarutdanningsinstitusjonar og yrkesfeltet studentane skal fungere i, handlar om korleis ein ser «dei andre». Studentane står i midten og opplever, i verste fall, ei undervisning som ikkje tar høgde for at dei skal bli lærarar og eit praksisfelt som ikkje ser verdien av det studentane lærer. Det er nok at ein av dei to dimensjonane slår til. Ein forsterkande faktor ligg også i spørsmålet om det er likeverdige partnarskap når den eine kjøper tenester av den andre.

Rammeplanstyrte lærarutdanningane opplever ei sterk styring av kva praksisinnhaldet skal vere. Det kan både vere ei styrke og svakheit. Styrken er at alle studentar får kvalitativt «likt» praksisinnhald og læringsutbytte, medan svakheita ligg i at slike føringar kan snevre inn perspektivet på kva det vil seie å vere lærar og det mangfaldet læraryrket representerer. I dette ligg også ei utfordring i, særleg når ein treng mange, å få nok praksisplassar. Det er viktig å auka volumet på den enkelte praksisplass og ha færre einingar. Då kan ein også truleg imøtekomme utfordringa som ligg i at praksislærarane har rettleiingskompetanse og

fagleg kompetanse i møtet med studentane som i stadig større grad tar masterutdanningar og som skal ha praksis i faga dei tar i lærarutdanninga.

Samarbeid og utvikling

Eit vellykka samarbeid mellom utdanningane og praksisfeltet er prega av ei gjensidig forståing av at begge er viktige, og at begge kan lære av kvarandre. Praksisfeltet og lærarutdanningsinstitusjonane har og gir ulike kompetansar som til saman kan gi studentane det beste grunnlaget for ei lang yrkeskarriere som lærarar. Samarbeidet må vere prega av avtaleverk og av føreseielege strukturar som alle partar er innforstått med.

Praksisfeltet må vere ein vesentleg bidragsytar i utviklinga av nye studietilbod og i ivaretakinga av dei eksisterande, gjennom å vere aktive deltakarar i prosjekt, råd og utval. På den måten får høgskulen innspel som er viktige i utviklinga av utdanningane. Samtidig må det vere etablerte samarbeid mellom tilsette på lærarutdanningsinstitusjonen og praksisfeltet som driv små og store forskings- og utviklingsprosjekt saman.

Hospiteringsordningar begge vegar er ein måte å endre perspektivet frå vi og dei, til oss. Det blir gjort til ein viss grad, men kan utviklast endå meir, både i form av hospitering i praksisfeltet og i toarstillingar for praksislærarar på lærarutdanningsinstitusjonen. Lærarutdanningsskular og –barnehagar er eit viktig nasjonalt grep for å få den felles forståinga av å vere lærarutdannar. I det ligg det eit høve til å heve kompetansen saman og med hjelp av samarbeidspartnarane.

Ein vesentleg faktor for velfungerande samarbeid handlar om tid. I det ligg det å legge opp til strukturar mellom partane som varer og som gjer at tilsette i lærarutdanningane og tilsette i praksisfeltet kan få tid til samarbeid og dermed saman utvikle lærarutdanningane til det beste for dei komande lærarane.

Summen av velfungerande samarbeid mellom utdanningane og praksisfeltet er at elevane i skulen får dei beste lærarane, at studentar i praksis og nyutdanna lærarar blir møtt med nysgjerrige spørsmål om det nyaste innan forskings- og undervisningsfronten som dei kan lære av, og at studentar og nyutdanna lærarar er nysgjerrige og lærevillige tilbake. Målet må vere at ein nyutdanna lærar kjem til læraryrket med den nyaste forskinga og innovative undervisningsperspektiv i bagasjen, og på den måten blir ein ressurs for den aktuelle skule og barnehage.